

Radøy kommune
Teknisk forvaltning
v/Silje Haukedal
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Vår referanse: 2906-B27_2
Bergen, 04.10.2019

**RUNE ULVATN.
MANGER – SELFALLET BUSTADFELT. GNR/BNR. 45/7.
SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN.
AVBØTANDE TILTAK.**

Visar til vår søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for veghøgder i Selfallet bustadfelt (snr. 18/41), samd synfaring i bustadfeltet 30. september 2019

På synfaringa blei merknader frå naboar gjennomgått. Avrenning av overflatevatn frå hovudveg og inn på private bustadtomter blei konkludert som eit konfliktpunkt som må avklarast. Dei andre merknadene er svara på i dispensasjonssøknaden.

Køyrebane skal normalt (på rettline) ha tosidig tverrfall. Overflatevatnet renn då dels mot kantstein, dels ut på sideareal med veggroft eller terreng. Overvatn skal infiltrerast til grunnen/sprengsteinsfylling under sideareal langs veg. I tillegg er det montert vegsluk i hovudvegen.

Eigedomane som har ulempe med overvatn er:

- Nord for veg – nr. 113-139 (gnr. 45 bnr. 431, 440, 466, 465 og 433)
- Sør for veg – nr. 130-136 (gnr. 45 bnr. 426, 434 og 439)

Etter synfaringa har utførande entreprenør innmålt høgder på asfalt ved avkøyring til bnr. 426 og 434. Om lag halve vegbanen har fall mot sør og avkøyningar til tomter. Det må difor utførast avbøtande tiltak som hindrar overflatevatn å renne inn avkøyring.

For tomter nord for vegen vil fortau bli asfaltert med fall mot vegbane og dermed vil overflatevatn få avrenning mot vegbanen. Vidare vil overvatnet renne langs fortauskant til vegsluk.

For tomter sør for vegen det bli frest eit spor i asfaltdekke (bredde 0,6m – djupne 1cm), på tvers av avkøyring, for å leie overflatevatn til utløp i veggroft/sideareal til veg.

Avbøtande tiltak:

Bnr.	Adresse	Regulert veghøgde* i avkøyring	Bygget veghøgde* i avkøyring	Differanse (m)	Tiltak
431	Selfallet 113-115	16,19	16,73	+0,54	Ferdigstille fortau med fall mot vegbanen

440	Selfallet 117-119	16,38/16,61	16,85/16,99	+0,47/+0,38	Se over
466	Selfallet 121	16,81	17,11	+0,30	Se over
465	Selfallet 123	16,97	17,21	+0,24	Se over
433	Selfallet 137-139	16,90/16,36	16,92/16,56	-0,02/+0,20	Se over
426	Selfallet 130-132	16,35	16,83	+0,48	Fresing av spor i asfaltdekke på tvers av avkøyring, med fall mot sideterreng
434	Selfallet 134	16,67	17,03	+0,36	Se over
439	Selfallet 136	16,97	17,21	+0,24	Se over

*=Høgder gjeld senter veg, midt i avkøyring

Avvik mellom regulerte og utførte veghøgder er vist i vedlagt tabell frå Entreprenør Rune Ulvatn AS.

Vi vonar om ein positiv sakshandsaming.

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

Vedlegg:

Innmålte høgder veg Selfallet

Kopi av brev og vedlegg:

Rune Ulvatn

Entreprenør Rune Ulvatn AS v/Roy-Kenneth Morken

Advokatfirmaet Hammervoll Pind AS v/Øistein Sandstå Jacobsen